



**BKMR**

ÅRSMØTE 2013

**BILETKUNSTNARANE** I MØRE OG ROMSDAL

Laurdag 9.mars kl 10.00 – 12.30  
På Kunstnersenteret Møre og Romsdal  
PLASSEN  
Molde

## INNHALD:

### DAGSORDEN

SAK 1	Konstituering	s. 2
1.1	Val av ordstyrar	
1.2	Val av referentar	
1.3	Val av to til å underskrive protokollen	
1.4	Oppteljing av frammøtte og godkjenning av stemmefullmakter	
1.5	Godkjenning av innkalling	
1.6	Godkjenning av dagsorden	
SAK 2	Styret si årsmelding	s. 3
SAK 3	Rapport frå Stiftelsestyret for Ålesund Kunstfagskole	s. 5
SAK 4	Rapport frå Vestlandsutstillingens råd	s. 7
SAK 5	Rapport frå Kunstmuseet KUBE/Jugendstilsenteret	s. 9
SAK 6	Rapport frå Kontrollutvalet	s. 10
SAK 7	Rekneskap for 2012	s. 11
SAK 8	Saker lagt fram av styret	s. 13
8.1	Vedtaksendringar	
8.2	Urvstemming	
8.3	Sjukeløn- og pensjonsordningar for biletkunstnarar	
8.4	Offentlege innkjøpsordningar	
SAK 9	Saker lagt fram av medlemmane	s. 18
SAK 10	Handlingsplan for 2013	s. 19
SAK 11	Budsjett for 2013	s. 20
SAK 12	Val	s. 21
	<b>Vedtekter BKMR</b>	<b>s. 23</b>

**Styret**

Styret har i 2012 vore samansett av

Styreleiar: Trine Røssevold

Nestleiar: Gunn N. Morstøl

Kasserar: Karin Augusta Nogva

Gunn Morstøl har i denne perioden vore gjennomgåande styremedlem i både BKMR og KMR.

**Aktivitet**

Styret har i styreperioden 2012 hatt fire ordinære styremøte og eit Skype-møte . To av møta vart haldne i Ålesund og to i Molde. Styret har hatt god og fin dialog via epost og telefon når det har vore behov for dette.

**Saker**

Stipendtildelingane og debatten rundt desse var eit tema frå første møte for styret. Styret var sameinte om at skeivdelinga er ein verkebyll. Det vart førebudd ei sak som Trine la fram i NBK sitt styremøte i juni. Her vart det mellom anna kravd at stipendsystemet skulle takast opp til debatt på leiarsamlinga til hausten. Målet med dette var at ein skal kunne legge fram forslag til endringar på NBK sitt landsmøte i 2013.

Innstillingane til utstillingsstipend var eit diskusjonstema på Årsmøtet 2012. Styret kontakta Kulturrådet for å spørje om dei ville komme til Møre og Romsdal for å halde eit informasjonsmøte. Kulturrådet var svært positive til dette, men det har ikkje lukkast styret i BKMR å få fastsette ein dato for eit slikt møte. Denne planlegginga må vidareførast.

Styret har vedtatt å legge ned BKMR si noverande nettside og erstatte denne med ei informasjonsside. Alle medlemmane har fått brev om dette. BKMR har fått kr 9.500 i fagpolitiske midlar frå NBK for å gjennomføre dette arbeidet. Planen er at arbeidet med denne sida skal gjerast i mars 2013.

Mot slutten av 2012 vart fylket sitt kunstnarstipend eit heitt tema. Styret i BKMR sende inn protest på innstillinga frå administrasjonen fordi dokumentarfilm hadde kome inn i kategorien kunst. Fylket sin kultur- og folkehelsekomité tok ikkje vår protest til etterretning og vedtok innstillinga. BKMR bad då om å få tid med komiteen for å informere om kunstnarane sin arbeidssituasjon og om kvifor behovet for stipend er større enn hos andre kunstnargrupper. 6.februar hadde styreleiar orientering for komiteen. Informasjon om dette er sendt ut til medlemmar som har epost. BKMR sitt mål er at kunstnarstipenda skal gå utelukkande til biletkunstnarar, at potten skal aukast og at det vert satsa på færre og større stipend.

Styreleiar og styremedlem Karin A. Nogva var på NBK si leiarsamling i Liverpool i oktober. Dei to store sakene her var stipend og vedtekter. Leiarsamlinga er ikkje eit

vedtaksfør organ, men har til hensikt å vere ein debattarena for større saker. Leiarsamlinga er også ei utlufting og oppvarming for landsmøtet.

På bakgrunn av organisasjonsarbeid knytt til alle nivå i NBK har også styret i BKMR jobba med forslag til endringar av vedtektene. Dette forslaget vert no lagt fram for årsmøtet.

Den Kulturelle Skolesekken (DKS) var også oppe til debatt under sist Årsmøte. Styret har vore i dialog med fylket for å få svar på ein del spørsmål knytt til produksjonen av prosjekt til DKS. DKS Møre og Romsdal vil gjerne stille på møte med kunstnarane for å svare på spørsmål og informere. Styret har førebudd nokre spørsmål vi gjerne ynskjer svar på. Planen har vore å legge dette saman med møtet med Kulturrådet, og at arrangementet vert ein fagdag.

BKMR er no registrert i Enhetsregisteret i Brønnøysund. Vi er organisert som Foreining.

### **Medlemsmøte**

Det har ikkje vore arrangert medlemsmøte i 2012. Styret er ikkje nøgde med dette og vil jobbe vidare for å få den planlagde fagdagen på plass. Både Kulturrådet og DKS Møre og Romsdal har sagt ja til å stille.

### **Nye medlemmar**

Styret har mottatt to søknadar om medlemskap i 2012. Ein av desse, Inga Dalsegg, vart tatt opp som nytt medlem. Det planlagde rekruteringsarbeidet har dessverre ikkje kome i gang dette året.

### **Økonomi**

Økonomien er under kontroll, og rekneskapet for 2012 viser eit overskot på kr 17.468. Overskotet kan forklarast med overføring av fagpolitiske midlar til nettside som kom i desember. I tillegg har vi ikkje brukt om midlar som er sett av til fagdagen. Desse midla vert overført til 2013.

Stiftelsesstyret er eigar av Ålesund Kunstfagskole.

**Stiftelsesstyret i 2012 har bestått av:**

Nils Anker, styreleder ( Møre og Romsdal fylkeskommune)  
Kjell Gjerde, nestleder (Folkeuniversitetet Møre og Romsdal)  
Solveig Fagermo, styremedlem (NK Midt- Norge)  
Karin Augusta Nogva, styremedlem (BKMR) vara Liv Dysthe Sønderland.  
Asgeir Berg, styremedlem (Ålesund Kommune)  
Anne Standal, styremedlem (Ålesunds Kunstforening)

Styret blir sittende fram til sommeren 2013.

Styret har i 2012 avviklet 6 styremøter.

Stiftelsens daglige leder er rektor Ragnar Johansen, som også er skulens rektor. Ved skulen er det 9 fast ansatte. I tillegg er det 1 person, Trine Røssevold, på engasjement kontrakt i prosjektstilling som inspektør. Denne stillinga skal behovsprøvas til sommeren 2013. Alle stillingene er på deltid.

Stiftelsens skal ivareta oppgavene og det ansvaret som tillegges skoleeigaren, i henhold til fagskulelova med forskrifter og pålegg fra offentlige myndigheter, og være med på positiv utvikling innen kunst- og kulturområde i Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylke.

Stiftelsesstyret er skolens øverste organ og skolestyre er driftsstyre som mottar oppgaver fra Stiftelsesstyret. Styret har gitt mandat til skolestyret i arbeidet med å sikre arbeidsmiljøet, samt generell kvalitetssikring av skolevirksomheten.

I 2012 blei det omrokkeringer og et nytt skole-styre tredde i kraft fra mars måned, det oppnevnes i en 2 års periode.

**Det nye skolestyret er:**

Styreleder: Ingunn Aagård  
Nestleder: Ralf Kirchoff  
Styremedlem: Ivar Gunnar Braaten  
Styremedlem: Olav Aambø  
Styremedlem: Sølvi Lill Seljebotn

Varamedlemmer:

1.Sigmund Røsås  
2.Tove Lande

På skolestyrets er det alltid en student og en ansatt ved skolen representert.

Styret har fastsett nye honorarsatser for skolestyrets medlemmer, dette etter statens gjeldende satser for møtegodtgjørelse.

Ålesund Kunstfagskole er en 2 åring utdanning. Det er 40 studenter 2012/2013.

Det har vore lenge behov for mer plass ved kunstfagskolen, i 2012 blei det leid lokaler i Moloveien 23. Her blei Avgangsutstillingen 2012 holdt. Studentene viste stort eigen-engasjement med å lage til denne utstillinga, og det bar også utstillinga preg av. (Disse lokalene er nå til oppgradering, toalett og kantine, og skal brukast til verkstedlokaler, og vil fra 2013 ha fast leiekontrakt fram til 2017.)

I året 2012 har stiftelsesstyret arbeidet med følgende saker:

Nytt skolestyre oppnevnes for en 2 års periode ( i dette ligger også funksjonstid og overføring av kunnskap)

Rullering av stiftelsens strategiplan:

Det har hovedsakelig arbeidet med å få på plass en ny strategiplan  
Planen som definerer samfunnsrollen, verdien og handlingsrommet for skolevirksomheta.

En strategiplan som skal vere en gjeldende plan for de neste 4 åra.

I forbindelse med dette arbeidet blir det sendt ut høringsuttalelser til ulike institusjoner og skoler, der behovet og tanker om Ålesund kunstfagskole skal prøvas.

Arbeidet med ny tariffavtale, dette for å skape klarere roller i organisasjonen og kvalitetsikring for de ansatte ved skolen.

Ålesund 18.02.2013

Karin Augusta Nogva og Liv Dysthe Sønderland.

**Utstillings koordinater** : Ann Mari Skeide. (40% stilling)

**Styreleder:** Maria Hjelmeland

**Nestleder:** Joakim Lund

**Vestlandsutstillingens råd:** Maria Hjelmeland (BKSF) Ann Mari Skeide, , Joakim Lund(RBK), Heidi Ann Jaeger (fram til November 2012), Liv Dysthe Sønderland(BKMR), Vilde Salhus Røed(BKH), Gunnhild Moe( ), og Mona Orstad, Stavanger.

**AU:** Ann Mari Skeide, Maria Hjelmeland, Joakim Lund, Heidi Ann Jaeger (fram til November)og Gunnhild Moe.

**Kurator for vestlandsutstillingen 2013:** Kjetil Berge

Det ble holdt et møte i vestlandsutstillingens råd 11.juni 2012.

Heidi Ann Jaeger opplyste om at hun vil gå ut i fødselspermisjon fra November. Maria Hjelmeland ble valgt til ny styreleder. Heidi Ann Jaeger fortsatte i AU fram til November.

Utstillingskoordinator Ann Mari Skeide, var kurator for vestlandsutstillingen 2012.

Kurator for Vestlandsutstillingen 2013, med tittelen NEARFAR har vært Kjetil Berge. Den åpnet i Haugesund, 8.februar. Utstillingen åpner i Førde 9.mars. Nytt av året er at vi har fått det nye Sogn og fjorane kunstmuseum som visningssted, noe som må sies å være et løft i forhold til utstillingslokalene til kunstlaget i Førde hvor den var vist tidligere. Kjetil Berge har på eget initiativ fått i stand en pris til et verk på utstillingen, og til å plukke ut vinneren hadde han satt sammen en jury av vestlands og London baserte kunstnere. Prisen er en separatutstilling/ tomannsutstilling i Kabuso, Øystese 2014. Årets pris gikk til Marius Molvær, opprinnelig fra Aurland.

Vestlandsutstillingens pris, falt bort for noen år siden. Jeg kjenner ikke grunnen til det, men det er positivt at der blir en type pris igjen. Kabuso er et anerkjent utstillingssted, med stort besøkstall blant annet fra Bergen på enkelte utstillinger. En separatutstilling kan være en like viktig utmerkelse som det å få en pengesum.

Nytt av året er også at Maria Hjelmeland fikk i stand et åpent møte med kurator Kjetil Berge på Hordaland kunstnersenter, hvor utstillingen ble presentert og diskutert. Dette var et initiativ for å gi utstillingen en stemme også i Bergen, hvor den ikke har hatt noe visningssted de siste 6(?) årene. (Bergenserne som ville få med seg utstillingen de senere årene har reist til Kabuso i Øystese.)

Den stramme økonomien er fremdeles et faktum. Spørsmålet som ble reist i 2011 var også aktuelt i år: Om det er forsvarlig å drive videre?

Fjordårets utstilling kuratert av Annmari Skeide hadde ikke overskridelser slik som utstillingene årene før. Det var likevel synd at det ikke ble produsert en skikkelig katalog til 90-års jubileet.

Jubileet som anledning til å få pressedekning og debatt omkring utstillingens framtid ble ikke utnyttet.

Vi ba alle vestlandsorganisasjonene om å ta opp den økonomiske situasjonen med sine fylker.

Jeg vet ikke om dette har blitt gjort.

Formen på utstillingen bør diskuteres. Den må stå i forhold til økonomien, men det er også viktig å vurdere om formen er slagkraftig, eller formålstjenlig i dag. Vi var inne på temaet på forrige årsmøte. Vestlandsutstillingens råd har bare et møte i året. Det er begrenset hvor mye tid vi får til slike grunnleggende spørsmål på det møtet, hvor budsjett, valg, kuratorer osv. skal gås gjennom.

Diskusjonen, gode forslag osv. kan også komme fra andre hold,

Liv Dysthe Sønderland

## Årsrapport Kunstmuseet Kube/Jugendstilsenteret 2012

Stiftelsen Kulturkvartalet var godt besøkt i 2012, med 30363 besøkande, mot 27761 året før.

Det blei sett opp 14 utstillingar på Kube og 4 på Jugendstilsenteret.

Det har vore 4 opplegg med Den kulturelle skolesekken + nokre workshop, med tilsaman 7612 deltakarar.

Det blei kjøpt inn verk av desse kunstnarane:

Kjell Torriset, 13 teikningar

Magnhild Opdøl, 1 verk (teikning og objekt)

Liv Dysthe Sønderland, 2 grafiske arbeid

Stuart Franklin, 1 foto

Sidsel Colbjørnsen, 1 verk (vevd tekstil)

Det blei halde 4 styremøter og 1 rådsmøte. Styret består av 7 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Gjertrud Hals / vara Marit Helen Akslen var BKMR sine representantar.

Den viktigaste saka styret behandla i 2012 var ei vedtektsendring mht styresamansettinga: Staten sin representant i styret er erstatta med ein representant med erfaring fra kultur/ næringsliv, oppnemnt etter innstilling fra styret.

Økonomien for Stiftelsen Kulturkvartalet er under kontroll og situasjonen er god!

Gjertrud Hals


## Rapport fra kontrollutvalget i BKMR

Kontrollutvalget for BKMR har i perioden 2012 – 2013 bestått av Gunnvor Lovise Amdam og Halvard Hatlen.

Kontrollutvalget savner at møteinnkallinger, sakspapir og referater fra styret, også sendes til medlemmene i kontrollutvalget, samtidig som de sendes til styrets medlemmer. Og ikke sendes samlet i etterkant.

**Kontrollutvalget finner ikke noe å utsette på styrets arbeid.**

  
Gunnvor Lovise Amdam

  
Halvard Hatlen

# BKMR

orgnr: 911 577 623

## Resultat 2012

	<u>2012</u>	<u>2011</u>
<b>INNETEKTER</b>		
Fagpolitiske midler	58900	29100
Kontigenter	0	20125
<b>Sum Inntekter</b>	<b>58900</b>	<b>49225</b>
<b>KOSTNADER</b>		
Godtgjørelse til styre	33000	20650
Leie datasystemer	270	0
Regnskapshonorar	-2000	5000
Kontorrekvisita	54	0
Møte, kurs, oppdatering o l	5087	1934
Telefon	1700	1500
Porto	215	516
Bilgodtgjørelse	1122	0
Reisekostnad	1190	2342
Gaver	426	0
Bank og kortgebyrer	368	312
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>41432</b>	<b>32254</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>17468</b>	<b>16971</b>
FINANSPOSTER		
Rente bankinnskudd	178	111
<b>RESULTAT TIL DISPONERING</b>	<b>17646</b>	<b>17082</b>
Årets resultat overføres Egenkapital		

# BKMR

orgnr: 911 577 623

## BALANSE

	<u>2012</u>	<u>2011</u>
<b>EIENDELER</b>		
Bankinnskudd 20.52374	48361	32715
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>48361</b>	<b>32715</b>
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>48361</b>	<b>32715</b>
<b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>		
Egenkapital	30715	30715
Årets resultat	17646	
<b>Sum Egenkapital</b>	<b>48361</b>	<b>30715</b>
Leverandørgjeld		2000
<b>Sum Gjeld</b>		<b>2000</b>
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>	<b>48361</b>	<b>32715</b>

Signaturer:

## 8.1 Vedtektsendringar

NBK vedtok på sitt Landsmøte i 2011 å gjennomgå organisasjonen med eit særskilt fokus på vedtektene. Vedtektene til grunnorganisasjonane og NBK må utfylle kvarandre for at organisasjonen skal fungere godt. NBK sin advokat har samla inn vedtekter frå alle grunnorganisasjonane og laga på bakgrunn av dette eit debattdokument til leiarsamlinga i oktober. Ut ifrå diskusjon og innspel både på leiarsamlinga og anna kommunikasjon har NBK sin advokat sett saman **forslag** til vedtekter for grunnorganisasjonane. Dette dokumentet er retningsgivande og den enkelte grunnorganisasjon står fritt til å utforme sine egne vedtekter. Styret i BKMR har arbeidd seg gjennom dokumentet med fokus på å plassere vår praksis inn i vedtektene. På nokre punkt har Styret foreslått endringar i høve dagens vedtekter. Det som er nytt er markert med blå farge i forslag til nye vedtekter. Ut over dette går det mykje i opprydding og omformulering av innhaldet i dagens vedtekter. Alle vedtektendringar skal endeleg godkjennast på NBK sitt landsmøte.

Forslag til vedtak:

*Årsmøtet vedtek å endre BKMR sine vedtekter slik det er foreslått av Styret.*



VEDTEKTER FOR

BILETKUNSTNARANE I  
M Ø R E O G R O M S D A L  
org.nr 911 577 623

Foreslått VEDTATT PÅ ÅRSMØTE 09.03.2013

## § 1 NAMN OG ORGANISASJON

Biletkunstnarane i Møre og Romsdal (BKMR) er ein fagorganisasjon for profesjonelle biletkunstnarar i Møre og Romsdal.

BKMR er ein av Norske Billedkunstnere (NBK) sine distriktsorganisasjonar og er forplikta av vedtekter og landsmøtevedtak i NBK.

BKMR er organisert som foreining utan sjølvstendig økonomisk formål.

## § 2 FORMÅL

BKMR skal ivareta biletkunstnarane sine faglege, økonomiske, ideelle og sosiale interesser i Møre og Romsdal.

### § 3 MEDLEMSKAP

3.1 Skriftleg søknad om medlemskap sendast til BKMR sitt styre. Søkjarar som oppfyller opptaksvilkåra for distriktsorganisasjonar, vedtatt på NBK sitt landsmøte, har rett til medlemskap i BKMR. Medlemskap i BKMR fører automatisk til medlemskap i NBK.

3.2 Medlemmar pliktar å betale kontingent til både BKMR og NBK. Kontingentane vert innkravd og skal betalast til NBK. Kontingent til BKMR fastsettast på Årsmøte.

3.3 Profesjonelle biletkunstnarar som busett seg for kortare eller lengre tid i Møre og Romsdal har rett til opptak utan ny vurdering når dei har vore medlem i ein annan distriktsorganisasjon.

3.4 Ved innmelding gir det enkelte medlem fullmakt til at BKMR kan forhandle om, og inngå avtalar om bruk og vederlag som finn stad i Møre og Romsdal, og for vederlag som vert ytt på kulturpolitisk grunnlag i Møre og Romsdal.

3.5 Biletkunstnarar busett utanfor Møre og Romsdal, som er knytt til Møre og Romsdal, og som elles oppfyller kravet om medlemskap, kan bli tatt opp som assosierte medlemmar. Assosiert medlemskap gir ikkje stemmerett i BKMR sine organ eller medlemskap i NBK. Assosierte medlemmar betaler halv kontingent. Denne vert kravd inn av BKMR.

### § 4 NAMN OG ORGAN

Årsmøtet (§5), Styret (§7), Kontrollutval (§8), Valnemnd (§9)

### § 5 ÅRSMØTET

5.1 Årsmøtet er BKMR sitt øvste organ. Vedtak som vert fatta på Årsmøtet er bindande for BKMR sine medlemmar.

5.2 Årsmøte skal haldast kvart år innan 10.mars. Innkalling med foreløpig dagsorden sendast ut minst 5 veker før møtet. Saker til Årsmøtet skal fremjast til Styret og må vere Styret i hende seinast 4 veker før Årsmøtet. Dagsorden med samlege sakspapir sendast ut minst to veker før møtet. Berre saker som er fremja på denne måten kan takast opp på Årsmøtet.

5.3 Alle medlemmar av BKMR har rett til å møte på Årsmøtet. Medlemmar som ikkje kan møte på Årsmøtet kan gi skriftleg fullmakt til eit anna medlem. Fullmakter med ope mandat sendast direkte til medlemmen. Ingen medlem kan ha meir enn tre fullmakter.

Årsmøtet er vedtaksfør når det er lovleg innkalla. Dersom Årsmøtet ikkje er vedtaksfør skal det innkallast til nytt årsmøte innan 3 veker. Dette Årsmøtet kan berre handsame saker som vart fremma til det ordinære Årsmøtet.

5.4 Assosierte medlemmar og observatørar har møte- og talerett, men ikkje stemmerett.

5.5 Årsmøtet vert konstituert ved godkjenning av innkalling, fastsetting av dagsorden og val av møteleiar, 2 referantar og 2 til å godkjenne referatet.

5.6 Årsmøtet handsamar:

- Styret si årsmelding
- Rekneskap
- Saker fremma av eller gjennom Styret
- Handlingsplan
- Budsjett
- Fastsetting av medlemskontingentar
- [Oppnemningar](#)
- Val

5.7 Årsmøtet vel:

Styreleiar

Styret: 2 medlemmar og 2 vara.

Kontrollutval: 2 medlemmar

Valnemnd: 2 medlemmar

Styret i Kunstnersenteret Møre og Romsdal: [1 medlem og 1 vara](#)

Kontrollutvalet for KMR: 1 medlem

Regionalt samarbeidsutval (RSU): 1 medlem

Delegatar til Landsmøtet i NBK

Representantar til ulike verv og styre der BKMR har posisjonar.

[Styreleiar vert valt for 1 år i gongen.](#) Medlemmar til styret i BKMR vert valt for 3 år, der eit verv er på val kvart år.

Eit av styremedlemmane i BKMR skal også sitte i styret til KMR (gjennomgåande styremedlem). [Denne vert valt av Styret, og skal sitte i 1 år.](#)

Berre medlemmar i BKMR kan stille til val.

## § 6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært Årsmøte skal innkallast med minst 4 vekers varsel når minst 1/10 av medlemmane, eit fleirtal i Styret, eller Kontrollutvalet krev det. Krav om Ekstraordinært Årsmøte skal fremjast skriftleg til Styret. Sakspapir skal fylje innkallinga. Berre saker som er grunnlagsgjevande for det Ekstraordinært Årsmøte for kan handsamast. Møtet konstituerer seg på same måte som eit ordinært årsmøte.

## § 7 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal vere samansett av to medlemmar. Utvalet si oppgåve er å kontrollere at vedtak som er fatta på BKMR sitt Årsmøte vert handsama av Styret. Kontrollutvalet skal ha tilgang på alle BKMR sine dokument, bør møtast to gonger pr år, og skal levere rapport til Årsmøtet.

Eit einstemming Kontrollutval kan krevje Ekstraordinært Årsmøte.

## § 7 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal vere samansett av to medlemmar. Utvalet si oppgåve er å kontrollere at vedtak som er fatta på BKMR sitt Årsmøte vert handsama av Styret. Kontrollutvalet skal ha tilgang på alle BKMR sine dokument, bør møtast to gonger pr år, og skal levere rapport til Årsmøtet. Eit einstemming Kontrollutval kan krevje Ekstraordinært Årsmøte.

## § 8 STYRET

8.1 Styret er BKMR sitt øvste organ mellom årsmøta. Styret vel sjølv sin eigen nestleiar og kassarar. [Eit av medlemmane skal sitte i KMR sitt styre. Den gjennomgåande styrerepresentanten veljast av Styret sjølv. Vervet i KMR går over 1 år.](#)

8.2 Styret har ansvar for BKMR si verksemd, men unntak av dei oppgåver som etter vedtektene er lagt til Årsmøtet (§5) og Valnemnda (§9). Styret har ansvar for gjennomføring av vedtak fatta på Årsmøtet.

8.3 Det bør haldast [minst fire](#) styremøte pr år. Styremøta skal innkallast skriftleg, med sakspapir vedlagt, seinast ei veke før styremøtet. Det skal førast referat frå styremøta. Referata skal godkjennast av styret.

[8.4 Styret er ansvarleg for kunstnariske vurderingar i høve medlemsopptak og eventuelt anna kunstnarisk juryarbeid som BKMR får ansvar for.](#)

8.5 Styret foreslår kandidatar til Den Nasjonale Jury og Stipendkomiteen (NBK)

8.6 Styret er vedtaksføre når minst 2/3 av medlemmane eller vara er tilstades. Leiar eller nestleiar må vere tilstades. Vedtak vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal skal leiar si stemme avgjere.

## § 9 VALNEMND

9.1 Valnemnda er samansett av to medlemmar. Verva går over to år og er på val i alternerande år.

9.2 Valnemnda innstiller kandidatar til val av: styreleiar, styremedlemmar, Kontrollutval, Valnemnd, styret i KMR, Kontrollutvalet for KMR, RSU og styrer der BKMR har representasjon.

[9.3 Valnemnda innstiller kandidatar til verv som skal veljast på NBK sitt landsmøte.](#)

## § 10 MEDLEMSMØTE

Styret innkallar til medlemsmøte etter behov. Medlemsmøta sin funksjon er debatt og informasjon mellom medlemmane og Styret. Medlemsmøta er rådgjevande for Styret.

## § 11 URAVSTEMMING

Styret kan sende saker som har stor innverknad på medlemmane ut til uravstemming. Årsmøtet eller eit Ekstraordinært Årsmøte kan på same vis vedta å sende ei sak ut til uravstemming. [NBK sine Landsmøtevedtak og BKMR sine Årsmøtevedtak kan ikkje overprøvast ved uravstemming.](#) Uravstemminga er ikkje bindande med mindre 2/3 av medlemmane deltek eller at minst halvparten av medlemmane stemmer likt. Dersom uravstemminga ikkje vert bindande skal den endelege avgjersla takast av Styret.

## § 12 OPPLØYSING

[Oppløysing av organisasjonen kan berre skje med 2/3 fleirtal på to Årsmøter på rad.](#) Ved vedtak om oppløysing skal det samstundes vedtakast kva som skal skje med arkiv, midlar og aktiva. Det er ein føresetnad at desse skal nyttast i tråd med BKMR sitt føremål.

## § 13 VEDTEKSENDRINGAR

Endringar av vedtektene kan berre skje på Årsmøtet med 2/3 fleirtal. [Vedtektsendringar trer i foreløpig i kraft etter vedtak på Årsmøtet.](#) Vedtektsendringar er først endeleg godkjent når dei er vedtatt på NBK sitt landsmøte.

### 8.2 Stipendkomiteen og uravstemming

Det har gjennom mange år vore stor missnøye med dei nasjonale stipendtildelingane. Denne missnøya har i stor grad gått på at kunstnarar rundt omkring i landet meier seg forfordelt i høve kunstnarar i Oslo-området. Statistikkane viser også det same, sjølv om det er ulike måtar å lese desse på. Styret i BKMR er også svært opptatt av denne problematikken. Det store spørsmålet er korleis vi kan utbetre systemet og oppnå noko som alle opplever som rettferdig. Utfordringa er også å skape reglement som kan fungere utan at det oppstår uheldige konsekvensar. Fleire grunnorganisasjonar diskuterer ei ordning som går på kvotefordeling av stipend, og det er grunn til å tru at det vil dukke opp forslag om dette på NBK sitt Landsmøte i mai.

Styret i BKMR har kome fram til ei skisse på eit forslag som vi meiner er verdt å prøve ut. Dette forslaget handlar om korleis stipendkomiteen blir valt. I den noverande ordninga får Nominasjonsutvalet i oppgåve å sette saman utkast til stipendkomité basert på forslag frå grunnorganisasjonar og enkeltmedlemar. Dette utkastet blir då sendt ut på uravstemming til alle NBK sine medlemmar, der eit medlem har ei stemme. Det er her Styret i BKMR meiner at eit problem oppstår. Ei uravstemming er i prinsippet demokratisk, men når vi har så store skilnader i talet på medlemmar vil dei fleste regionar sine stemmer falle som mindretal. Noko som gjer at ei demokratisk handling får udemokratisk konsekvens. Styret i BKMR meiner at Nominasjonsutvalet skal få fullmakt til å setje saman ein stienkomité med vara. I instruksjonen til Nominasjonsutvalet må der stå at stipendkomiteen **skal ha**: fagleg breidde, geografisk spreiding, brei alderssamansetning og den skal representerer eit kulturelt mangfald.

Dette legg stort ansvar til Nominasjonsutvalet sine medlemmar og det kan vere grunn til å vurdere ei eventuell utviding av Nominasjonsutvalet. Pr i dag skal Nominasjonsutvalet sine fem medlemmar vere samansett av to frå fagorganisasjonane, to frå grunnorganisasjonane og ein frå UKS. Nominasjonsutvalet blir valt på NBK sitt landsmøte.

Dersom ein går vekk frå uravstemminga for stipendkomiteen må ein gjere det same for Den Nasjonale Jury (DNJ). Sidan desse systema er så tett knytt til kvarandre.

Forslag til vedtak:

*Årsmøtet i BKMR ynskjer å framme eit forslag om å fjerne uravstemminga på Stipendkomiteen og Den Nasjonale Jury. Nominasjonsutvalet får fullmakt til å sette saman dei to komiteane med vara. Både stipendkomiteen og Den Nasjonale Jury (DNJ) skal ha ei samansetning som inneheld fagleg breidd, geografisk spreiding, brei alderssamansetning, og representerer eit kulturelt mangfald.*

*Både grunnorganisasjonane og enkeltmedlemmane vert oppmoda til å foreslå kandidatar til komiteane. Nominasjonsutvalet kan også sjølv komme med kandidatar for å sikre at breidda innanfor samansetninga av komiteane er på plass.*

### 8.3 Sjukeløn- og pensjonsordningar for biletkunstnarar

BKMR ynskjer at NBK skal intensivere arbeidet med å få til særordningar innanfor sjukeløn og pensjon for biletkunstnarar. Vi treng ordningar som ikkje er basert på inntekt, men på yrkesaktive år. Dette er eit svært nødvendig ledd i arbeidet med å betre levekåra til Biletkunstnarane. Kunstnarar er viktige verdiskaparar i det norske samfunnet sjølv om den økonomiske omsetjinga er låg. Difor er der behov for særordningar innanfor vår yrkesgruppe.

Forslag til vedtak:

*Årsmøtet i BKMR vil be NBK intensivere arbeidet med sjukeløn- og pensjonsordningar for biletkunstnarar. Dette er eit elementært arbeide innanfor NBK sitt formål om å ivareta kunstnarane sine fagleg, ideelle, økonomiske og sosiale interesser.*

### 8.4 Offentlege innkjøpsordningar

Årsmøta i BKMR dei siste åra har ytra stor uro for både praksisen og graden av offentlege innkjøp her i fylket dei seinare åra. Etter at innkjøpsordninga vart lagt til kunstmuseum rundt omkring, og økonomien i systemet kan oppfattast som noko uklar, er det grunn for å uroe seg. Offentlege innkjøp handlar om dokumentasjon, offentlig tilgang til kunst og kulturarv, og samlingar, med meir. Dette har vore ein diskusjon her i regionen, men temaet er på alle måtar ei nasjonalt utfordring. Utan øyremerka midlar og krav til innkjøpskomitear er vi uroa for at innkjøpa både vert skadelidande under økonomiske prioriteringar og prisgitt tilfeldige vurderingar rundt omkring.

Forslag til vedtak:

*Årsmøtet i BKMR vil be NBK kartlegge praksisen med innkjøp av kunst etter at dette offentlege oppdraget no er på hendene til ulike kunstmuseum. Økonomi og retningslinjer er viktige stikkord her. BKMR fryktar at innkjøpsordningane vert praktisert ulikt og tilfeldig og at dette vil gå ut over både mengde, breidde og kvalitet i det som utgjør dei offentlege samlingane våre. Vidare vil BKMR be NBK ta opp desse utfordringane med Kulturdepartementet med mål om tydelege retningslinjer og lik praksis.*

SAK 9

Saker lagt fram av medlemmane

Det har ikkje vore lagt fram saker frå medlemmane til årsmøtet.

- Vidareføre arbeidet med fagdag. Fokus skal her vere på både fagpolitikk og fagleg påfyll.
- Arbeide for at fylkets kunstnarstipend skal bli utelukkande for biletkunstnarane, meir pengar i potten, og store arbeidsstipend heller enn små prosjektstipend.
- Den Kulturelle Skulesekken (DKS). Arbeide med forbetring av biletkunstnarane sine vilkår innanfor produksjon og utvikling av prosjekt til DKS
- Vere aktive og tilgjengeleg i debattar og spørsmål som vedkjem kunstnarar sin kvardag.
- Jobbe for rekruttering av nyutdanna kunstnarar med tilknytning til fylket, til BKMR.
- Arbeide for ein vestlandsallianse. Altså eit tettare samarbeid mellom grunnorganisasjonane i våre nabofylke på vestlandet.

INNTEKTER	2013	2012
Fagpolitisk stønad	29.100	29.100
Kontingentar	26.100	20.125
Prosjektmidlar overført frå 2012	14.500	5.000
<b>Sum</b>	<b>69.700</b>	<b>54.225</b>

UTGIFTER		
Styreleiarhonorar	25.000	25.000
Styremedlemar	12.000	8.000
Reiseutgifter og møteutgifter	5.000	5.000
Rekneskapsføring	5.000	5.000
Administrasjon styreleiar	1.500	1.500
Telefongodtgjersle valkomité	400	400
Prosjekt	4.700	7.725
Nettside	14.500	-
Møtegodtgjersle for vara *	1.600	1.600
<b>Sum</b>	<b>69.700</b>	<b>54.225</b>

\* Vara får ikkje fast honorar, men vert honorert med kr 800 pr møte.

SAK 12

VAL

(alle merka med raudt stiller til val i 2013)

*KMR Styret*

Ine Harrang

2011 - 2014

**Heidi Rødstøl**

**2013 - 2016**

**1.Vara: Inga Dalsegg**

**2013 - 2016**

2. Vara: Sissel Stangenes

2011 - 2014

*KMR kontrollutvalg*

**Gunn Morstøl**

**2013 - 2014**

*BKMR Styret*

Trine Røssvold

2011 - 2014

Karin Augusta Nogva

2012 - 2015

**Heidi Rødstøl**

**2012 - 2013**

**1.Vara: Marit Moltu**

**2013 - 2016**

2.Vara: Torill Brosten

2011 - 2014

*BKMR Kontrollutvalg*

**Halvard Hatlen**

**2013 - 2014**

**Marianne Moldvær Nygård**

**2013 - 2014**

*Valgkomite BKMR*

**Astrid Runde Saxegaard**

**2013 - 2015**

Vladana Nolic

2012 - 2014

*RSU (Regionalt samarbeidsutvalg)*

Ola Stavseng,

**Vara: Kirsti Bjerkvik**

2012 - 2015

**2013 - 2016**

*Regional innstillingskomite for Statens Utstillingsstipend*

Britt Ragna Westhagen,

**Vara: Anne Berntsen**

2012 - 2014

**2013 - 2015**

*Vestlandsutstillingens råd*

**Liv Dyste Sønderland**

**Vara: Anne Sara Loe**

**2013 - 2015**

**2013 - 2015**

*Kunstmuseet KUBE*

Anne Beite

**Vara: Ine Harrang**

2012 - 2016

2012 - 2016

*Stiftelsesstyret ved Ålesund kunstfagskole*

**Liv Kathrin Dysthe Sønderland**

**Vara: Bent Erik Myrvoll**

**2013 - 2017**

**2013 - 2017**

# Vedtekter for BKMR

## 1 Organisasjon og målsetjing

BKMR er ei fagleg samanslutning av yrkesaktive biletkunstnarar i Møre og Romsdal, og har som oppgåve å ivareta medlemmane sine faglige, økonomiske, sosiale og ideelle interessar.

BKMR er ein av NBK sine distriktorganisasjonar. NBK sine vedtekter og landsmøtevedtak ligg til grunn for BKMR si verksemd.

## 2 Medlemskap

Yrkesaktive biletkunstnarar som er busett i Møre og Romsdal og oppfyller opptaksvilkåra for distriktorganisasjonar, vedtatt av NBK, har rett til medlemskap i BKMR. Søknad om medlemskap skal sendast skriftleg til styret i BKMR.

Biletkunstnarar som busett seg for lengre eller kortare perioder i Møre og Romsdal har rett til medlemskap utan ny vurdering dersom dei er medlemmar av ein annan distriktorganisasjon, eller av andre nordiske biletkunstnar-organisasjonar som NBK har gjeldande avtalar med.

Biletkunstnarar frå andre distriktorganisasjonar som har tilknytning til Møre og Romsdal kan verte assosierte medlemmar av BKMR. Assosierte medlemmar har ikkje stemmerett, men forslags og talerett. Dei betaler kontigent direkte til KMR.

Medlemmar som grovt motarbeider foreninga og medlemmane sine felles interesser kan bli ekskluderte frå foreninga i kortare eller lengre tid. vedtak om eksklusjon 2/3 fleirtal på årsmøtet. vedtaket kan appellerast til neste årsmøte.

## 3 Medlemsforpliktelsar

Årsmøtet fastsette in kontigent som medlemmane skal betale til BKMR og NBK under ett. Begge kontigentane betalast gjennom NBK. Medlemmar som ikkje har betalt kontigent innan årets utgang misser sitt medlemskap etter skriftleg varsel. Nytt medlemskap skal berre oppnåast etter betaling av skuldig kontigent.

BKMR og NBK har på vegne av medlemmane fullmakt til å forhandle og inngå avtalar med stat, fylke, kommunar og andre instutisjonar.

## **4 Årsmøtet**

Årsmøtet er BKMR sitt øverste organ, og skal heldast kvart år innan utgangen av februar månad. Innkalling med førebels dagsorden må sendast ut minst fem veker før møtet. Dagsorden med sakspapir må sendast ut minst to veker før møtet.

Saker som medlemmene vil ta opp på årsmøtet må vere styret i hende fire veker før møtet. berre saker som er fremma på denne måten kan takast opp og behandlast på årsmøtet.

På årsmøtet har alle medlemmar av BKMR møte og stemmerett. Assosierte medlemmer og representantar frå NKMN har rett til å delta på årsmøtet, men då utan stemmerett.

Medlemmar som ikkje kan møte på årsmøtet bør gje skriftleg fullmakt til eit anna medlem. Ingen medlem på årsmøtet kan ha meir enn tre fullmakter.

Årsmøtet er beslutningsdyktige når minst 1/3 av medlemmane er representert. Dersom årsmøtet ikkje er beslutningsdyktige, vert det innkalla til nytt årsmøte innan fire veker. Dette årsmøtet er beslutningsdyktige uansett antall frammøtte, men kan berre behandle dei sakane som vert fremma ved det ordinære årsmøtet.

Årsmøtet handsamar:

Årsmelding og rekneskap fra styret, saker som er fremma for årsmøtet av eller gjennom styret, handlingsplan, budsjett og fastsetting av kontigent.

Årsmøtet velger:

Styreleiar av BKMR, to styremedlemmar og eit varamedlem. Valperioden er på tre år, slik at det vert valgt ein ny for kvart år. Eit av styremedlemmane utan leiarverv, skal sitte i styret for KMR. KMR sine styrerepresentantar frå BKMR og NKMN utgjør kunstnerisk råd. Dette rådet er ansvarleg for kunstneriske vurderingar i samband med utstillingar, prosjekt og liknande. Årsmøtet velsger også representantar til NBK sitt landsmøte, og andre eventuelle utval.

## **5 Kontrollutval**

Kontrollutvalet skal bestå av to medlemmar. Utvalets oppgåve vert å kontrollere at vedtak fatta på BKMR sitt årsmøte vert handsama av styret, og ellers bistå i situasjonar der dette er naudsynt. Utvalet bør møtast to gongar i året, og skal avgi rapport til årsmøtet.

## **6 Valnemd**

Valnemda skal bestå av to medlemmar, og desse føreslår kandidatar til dei verv som skal velgast på årsmøtet.

## **7 Ekstraordinært årsmøte**

Ein skal skriftleg innkalle til ekstraordinært årsmøte med minst fire veker varsel når det vert krevd av kontrollutvalet, styret eller minst 1/10 av medlemmane. Berre saker som er grunnlagsgjevande for møtet kan handsamast. Sakspapira skal følge innkallinga.

## **8 Styremøte**

Det bør haldast minst fem styremøte i året, som innkallast med minst ei veker varsel. Det skal førast protokoll fra møta. Referatet skal godkjennast av styremedlemmane. Styret er beslutningsdyktige når minst 2/3 av medlemmane eller varamedlemmane er til stades. Saker vert vedtekne med simpelt flertal.

## **9 Medlemsmøte**

Styret innkaller til medlemsmøte, der medlemmar uttalar seg om saker som styret eller dei sjølv tek opp. Medlemsmøte er rådgjevande for styret.

## **10 Uravstemming**

Styret kan sende saker som har stor innverknad på enkeltmedlemmar ut til uravstemming. Årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte kan også vedta at ei sak skal ut til uravstemming. Uravstemming er ikkje bindande med mindre 2/3 av medlemmane deltek, eller minst halvparten av medlemmane stemmer likt. Då tek styret den endelege avgjerdsla.

## **11 Oppløysing**

Oppløysing av organisasjonen kan berre skje med 2/3 fleirtal på årsmøtet, eller på ekstraordinært årsmøte. Møtet må innkallast med tre månaders varsel. det er ei forutsetning at arkiv eller liknande skal kunne nyttegjerast mest mogleg i tråd med organisasjonens tidlegare føremål. Møtet skal også ta stilling til korleis organisasjonens økonomiske verdiar skal anvendast vidare.

## **12 Vedtektsendringar**

Endring av vedtektene kan berre skje på årsmøtet med 2/3 fleirtal.